

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Virtuelt møte

MØTETIDSPUNKT: 27.05.2021 kl. 10.00 – 14.40

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Per Bjørn Habbestad	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar i styret
Olav Akselsen	Styremedlem
Solfrid Borge	Styremedlem
Nina Budal	Styremedlem
Anne Sissel Faugstad	Styremedlem
Kjersti Follesø	Styremedlem
Laura Lill Haavik	Styremedlem
Per Karlsen	Styremedlem
Pernille Nylehn	Styremedlem
Åse-Berit Apeland Rolland	Styremedlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Aud Gunn Løklingholm	Administrasjonssjef
Magne Kydland	Kommunikasjonssjef
Jan Håvard Frøyland	Økonomi- og finansdirektør
Haldis Økland Lier	Fagdirektør
Åsa Eldøy	Avdelingsleiar HMS/ Bedriftshelsetenesta
Ingvill Hystad Kyvik	Konstituert klinikkdirrektør
Dag Kjetil Larsen	Beredskapskoordinator
Anne Margrethe Øritzland	Avdelingsleiar Habiliteringsavdeling
Christian Skorild	IKT-sikkerhetsleder
Laila M. R. Nemeth	Prosjektdirektør

Leiar i brukarutvalet Helse Fonna HF, Grete Müller, deltok

Forfall frå styremøte

Ingen

SAKLISTE

Sak 32/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 33/21	Protokoll frå styremøte 20.04.21	Vedlagt
Sak 36/21	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak 37/21	Auka investeringsramme 2021	Vedlagt
Sak 38/21	Økonomisk langtidsplan 2022 - 2026	Vedlagt
Sak 39/21	Høyring, revisjon av modell for inntektsfordeling	Ettersendt
Sak 41/21	Overordna beredskapsplan for Helse Fonna HF	Vedlagt
Sak 42/21	Årleg gjennomgang av styrande dokument	Vedlagt
Sak 43/21	Regional plan for habilitering og rehabilitering	Vedlagt

Lukka møte, jf. Helseføretakslova §26 a, 2. ledd punkt 4

Sak 47/21	Leiinga sin gjennomgang av IKT-tryggleik	Vedlagt
Sak 48/21	Bygg Haugesund månadsrapport april	Utsendt

Saker til orientering

Sak 34/21	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak 35/21	Revidert strategi for forskning og innovasjon for Helse Fonna HF	Vedlagt
Sak 40/21	Reduksjon ventetider – øyremerka midlar	Vedlagt
Sak 44/21	Tilsetteskadar og HMS-hendingar – årsrapport 2020	Vedlagt
Sak 45/21	Avvikshandtering – årsrapport 2020	Vedlagt
Sak 46/21	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

Sak 32/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden vart godkjent

Sak 33/21 Godkjenning av protokoll frå styremøte 20.04.21

Vedtak [samrøystes]

Styret godkjenner protokoll frå styremøte 20.04.21

Sak 34/21 Administrerande direktør si orientering

1. Tilsyn

Administrerande direktør viste til vedlagde notat

2. Høyringar

Administrerande direktør viste til vedlagde notat

3. Status covid-19

Administrerande direktør orienterte om status i møtet slik:

- Helse Fonna er i grønn beredskap
- Det er noko smitte i kommunane Haugesund og Karmøy – elles er det relativt låge smittetal i Helse Fonna sitt opptaksområde
- Helse Fonna har pr 27.05.2021 ingen innlagde med Covid
- Det er god kapasitet på intensivavdelinga
- Situasjonen kan endra seg raskt ved vidare opning av samfunnet
- Unio har brote lønsforhandlingane med KS – det kan bety tilsvarande for Spekterområdet – ein eventuell streik no kan bli utfordrande å handtera

4. Mogleg utbygging i regi av Rogalandsgata 74 AS

Saka var oppe i styret for nokre år sidan med godkjenning av makebyte Mellom Rogalandsgata 74 AS og Helse Fonna HF. Makebytet vert ikkje realisert fordi Rogalandsgata 74 AS ikkje fekk løyve til å byggja leilegheiter som planlagt.

5. Fordeling mellom faste og mellombelse stillingar

Administrerande direktør gjorde greie for fordelinga grunna spørsmål frå styret i april møtet.

6. Forskingsprosjekt i Helse Fonna – presentasjon av iSpe v/ Psykologspesialist (Phd) Oddbjørn Hove

Oddbjørn Hove presenterte forskingsprosjektet «Inventorium for støttet psykologisk evaluering (iSpe)» for styret.

7. Styremøte 18. juni 2021

Det var planlagt fellesmøte med ungdomsråd og brukarråd denne datoen. Administrerende direktør tilrår at også dette møtet vert virtuelt og at møte med ungdomsråd og brukarråd vert flytta til september

8. Tilsetting av økonomidirektør

Administrerende direktør gav følgjande orientering:

Økonomi- og finansdirektør i Helse Fonna HF har sagt opp stillinga si med verknad frå 1. juni 2021. Kjell Rune Hellesund er konstituert i stillinga frå og med 1. juni til og med 30. november 2021. Administrerende direktør er i ein prosess med tildeling av oppdrag til konsulentfirma som skal bistå med rekruttering til stillinga. Etter planen skal stillinga lysast ut i slutten av juni måned med søknadsfrist over sommaren.

Vedtak [samrøystes]

Styret tar meldingane til orientering og sluttar seg til at styremøte 18. juni vert avvikla virtuelt og at fellesmøte med ungdomsråd og brukarråd vert flytta til september.

Sak 35/21 Revidert strategi for forskning og innovasjon for Helse Fonna HF

Fagdirektør presenterte saka i møtet.

Oppsummering

Forskning er ei av fire lovpålagde oppgåver som helseføretak skal arbeida med. Revidert strategi for forskning og innovasjon gjeld for perioden 2021 – 2026 og inneheld mål med tilhøyrande tiltak for perioden. I strategiperioden vil Helse Fonna ha eit særskilt fokus på auke i kliniske behandlingsstudiar. Det er komen ein eigen nasjonal strategi som gir retning og mål for dette arbeidet. Det er viktig å setja av nok ressursar til diagnostiske tenester (laboratorie- og radiologiske tenester) for å kunna delta i kliniske behandlingsstudier. Alle behandlingsstudier må forankrast godt i leiarlinja i klinikkane for å sikra gode vilkår for studiene i klinikkane.

Framlegg til vedtak

Styret tar saka til orientering

Nytt framlegg til vedtak frå styreleiar:

Styret vedtek Revidert strategi for forskning og innovasjon for Helse Fonna HF

Vedtak [samrøystes]

Styret vedtek Revidert strategi for forskning og innovasjon for Helse Fonna HF

Sak 36/21 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Verksemdsrapporten byggjer på resultat pr. april månad.

Administrerande direktør og økonomidirektør gjorde greie for medarbeidar (HMS), kvalitet og økonomi.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

Sak 37/21 Auka investeringsramme 2021

Oppsummering

Samanlikna med tidligare økonomiske planar er det 78 MNOK i auka økonomisk handlingsrom.

Då pandemikonsekvensane fortsatt gir reduserte inntekter og auka kostnader vil ikkje Helse Fonna oppnå resultatkravet utan ytterlegare kompensasjon for tapte inntekter og meirkostnader.

Regjeringa foreslår i revidert nasjonalbudsjett mellom anna å kompensere sjukehusa i landet med 1,5 milliardar kroner for tapte inntekter i 2021. Det er usikkert kva som blir Helse Fonna sin del av dette. Helse Fonna kan derfor ikkje planlegga for bruk av heile summen på 78 MNOK.

Vedtak [samrøystes]

Styret vedtek å auka investeringsramma for medisinsk teknisk utstyr med 10 MNOK for 2021

Sak 38/21 Økonomisk langtidsplan 2022 - 2026

Oppsummering

Økonomi- og finansdirektør presenterte ØLP for styret.

Administrerande direktør orienterte styret om protokoll frå informasjons- og drøftingsmøte med organisasjonane og behandling i AMU.

Nye framlegg:

Styret ber om at tala i ØLP blir justert i samsvar med vedtak i sak 37/21

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF vedtek økonomisk langtidsplan 2022-2026 med investeringsbudsjett justert i samsvar med vedtak i sak 37/21

Sak 39/21 Høyring, revisjon av modell for inntektsfordeling

Oppsummering

Administrerende direktør orienterte innleiingsvis om prosess frå ny nasjonal inntektsfordelingsmodell til revidering av regional inntektsfordelingsmodell og protokoll frå informasjons- og drøftingsmøte med organisasjonane. Med bakgrunn i drøftingane bad Administrerende direktør om at teksten i høyringsuttalen vert endra som følgjer:

Forhold som blir finansiert utanfor modellen, 2. avsnitt:

Berekingar gjort i samband med vurdering av akuttkirurgi (styresak i Helse Fonna 15/17 Prosjekt Odda sjukehus), synar at meirkostnadar med sjukehusstrukturen i føretaket er på omlag 100 millionar kroner. Oppdaterte berekingar gjev tilsvarende resultat.

Oppsummering, 2. avsnitt:

Modellen fangar likevel ikkje i tilstrekkeleg grad opp alle forhold, spesielt sjukehusstrukturen og forbruksmønsteret i Helse Fonna. Helse Fonna har difor behov for eit tilskot utanfor modellen som kompenserer for desse ekstra kostnadane.

Helse Fonna ber Helse Vest vurdere å auke det føreslåtte strukturtilskotet i høve til ulempene med sjukehusstrukturen og forbruket av somatiske spesialisthelsetenester, som ikkje i tilstrekkeleg grad blir finansiert gjennom modellen.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør sende høyrings svar til Helse Vest RHF i tråd med endra forslag frå administrasjonen og dei innspela som kom fram i styremøtet.

Sak 40/21 Reduksjon ventetider – øyremerka midlar

Oppsummering

Økonomi- og finansdirektør orienterte kort om kr 5,5 millionar i ekstramidlar til Helse Fonna for å redusera ventetid. Om lag kr 2, 6 millionar av desse er brukt pr april månad og resterande midlar vert brukt utover i 2021.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Sak 41/21 Overordna beredskapsplan for Helse Fonna HF

Oppsummering

Styreleiar ber om at beredskapsplanen og skal innehalda rutinar for varsling av styret innan rimeleg tid ved beredskapshengingar.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF vedtek overordna beredskapsplan for Helse Fonna og ber administrerande direktør arbeida inn i planen rutine for varsling av styret ved beredskapshendingar.

Sak 42/21 Årleg gjennomgang av styrande dokument

Oppsummering

Styret ber om at det vert gjennomført opplæring av nye styremedlemmer og at rolla som styremedlem vert tema på eit styreseminar.

Nye framlegg

Styret ber om at «helsefellesskap» vert innarbeidd i Instruks for AD - § 4-7, 2. avsnitt.

Vedtak [samrøystes]

Styret endrar instruks for styreleiar i samsvar med framlegg og er kjend med og tar til etterretning følgjande dokument:

1. Vedtekter for Helse Fonna HF
2. Instruks for styret i Helse Fonna HF
3. Instruks for administrerande direktør i Helse Fonna HF
4. Ethiske retningslinjer for Helse Vest
5. Rettleiar for styrearbeid i Helseføretak

Sak 43/21 Regional plan for habilitering og rehabilitering

Oppsummering

Avdelingsleder Habiliteringsavdeling (HABU, HAVO og LMS) orienterte kort om prosess og bakgrunn for prosess med revidering av planen.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør sende høyrings svar til Helse Vest RHF på Regional plan for habilitering og rehabilitering i tråd med forslaget og dei innspela som kom fram i styremøtet.

Sak 44/21 Tilsetteskadar og HMS-hendingar – årsrapport 2020

Oppsummering

Avdelingsleder HMS/ Bedriftshelseteneste orienterte kort om rapporten. Sjølv rapporten er ikkje behandla i AMU, men talgrunnlaget for rapporten har vore lagt fram for AMU.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Sak 45/21 Avvikshandtering – årsrapport 2020

Oppsummering

Administrerende direktør orienterte kort om saka innleiingsvis og presiserte at melding etter § 3-3 a) òg vert rapportert for polikliniske pasientar. Styret etterlyste ei nærare drøfting av avviksutviklinga samt ei kort framstilling av dei viktigaste tiltaka som er iverksette som fylgje av avvikshandsaminga.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek årsrapport for avvikshendingar frå 2020 til orientering

Sak 46/21 Eventuelt

Skriv og meldingar

Opning av nytt sjukehus er førebels planlagt 3. september 2021. Pandemi og ferdigstilling av bygget vil vera styrande for om og i kva omfang dette kan markerast. Styret vert invitert og Administrerende direktør ber styret reservera datoen. Det vil komma meir informasjon om arrangementet seinare.

Dagkirurgisk tilbod ved Haugesund sykehus – brev frå tilsette ettersendt til styret

Administrerende direktør orienterte styret om prosessen med planlegging av ny operasjonsavdeling og sa at han vil invitere dei som har signert brevet til eit møte.

Styret tar brevet til etterretning og sender saka tilbake til administrerende direktør for vidare oppfølging

Vedtak [samrøystes]

Skriv og meldingar blei tatt til orientering

Lukka møte, jf. Helseforetakslova §26 a, 2. ledd punkt 4

Sak 47/21 Leiinga sin gjennomgang av IKT-tryggleik

Styret vedtok å lukka møtet med heimel i Helseforetakslova §26a. 2. ledd. punkt 4 før behandling av saka.

Oppsummering

IKT-sikkerhetsansvarleg presenterte leiinga sin gjennomgang av IKT-tryggleik for styret

Vedtak [samrøystes]

Styret tar leiinga sin gjennomgang av informasjonstryggleik til etterretning

Sak 48/21 Bygg Haugesund månadsrapport april

Styret vedtok å lukka møtet med heimel i Helseforetakslova §26a. 2. ledd. punkt 4 før behandling av saka.

Sakspapira var i forkant av styremøtet sendt til styremedlemmene.

Prosjektdirektør Laila M. R. Nemeth orienterte om status for prosjektet per april måned.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Referent Aud Gunn Løklingholm, 27.05.2021

Per Bjørn Habbestad

Styreleiar

Brian Bjordal

Nestleiar

Olav Akselsen

Medlem

Solfrid Borge Medlem

Nina Budal Medlem

Anne Sissel Faugstad Medlem

Kjersti Follesø Medlem

Laura Lill Haavik Medlem

Per Karlsen Medlem

Pernille Nylehn Medlem

Åse-Berit Apeland Rolland Medlem
